



**Arkiv:** FA-M19, FA-M2, FA-M34, FA-M3  
**JournalpostID:** 26/27009  
**Saksbehandlar:** Merete Nerland  
**Dato:** 27.05.2026

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval             | Møtedato   |
|---------|-------------------|------------|
| 26/103  | Stad formannskap  | 03.09.2026 |
| 26/106  | Stad kommunestyre | 10.09.2026 |

### Førespurnad om mogleg samarbeid om demning ved Støvelsvatnet - Kjørstad Kraft AS

#### Bakgrunn for saka:

Støvelsvatnet og Klovevatnet er 2 fjellvatn som ligg nord for bygda Haugen i Stad kommune. På 1930-talet starta Balsnes Kraftverk produksjon av straum og nytta desse fjellvatna som magasin for kraftproduksjon. Det blei samtidig bygd damanlegg/demningar for å regulere vassstilførselen. Seinare blei Kaldekloven vassverk oppretta og overtok då ansvaret for damanlegga.

Stad kommune (gamle Eid kommune) overtok Kaldekloven vassverk i 1975. Kommunen overtok samtidig ansvaret, som anleggseigar, for damanlegga i Klovevatnet og Støvelsvatnet, med tilhøyrande rettar og plikter knytt til drift, vedlikehald og forvaltning av anlegga.

Klovevatnet er vassmagasin for drikkevassforsyning til Hjelmelandsdalen, Haugen, Remmedalen og Stårheim. Støvelsvatnet har historisk sett vore reservemagasin som vassverket har kunna nytta dersom forsyning frå Klovevatnet skulle bli for liten eller på anna vis ikkje kunne nyttast som vasskjelde. Etter nye vurderingar har fagansvarleg VAO konkludert med at det ikkje lenger er behov for Støvelsvatnet som reservemagasin.

Vasstanden i Klovevatnet og Støvelsvatnet har vore regulert ved hjelp av damanlegg. Då kommunen overtok ansvaret som anleggseigar i 1975, overtok dei samtidig det tekniske og økonomiske ansvaret for å halde damanlegga i forsvarleg stand.

I perioden 2013-2015 gjennomførte NVE ei revurdering av damanlegga ved Klovevatnet og Støvelsvatnet. NVE konkluderte med at dei ikkje tilfredsstilte krav i gjeldande regelverk (damsikkerhetsforskriften). Konklusjonen var:

- *Dam **Klovevatn** er ikkje beregningmessig stabil for velting eller glidning og flomavledningskapasiteten er ikke tilstrekkeleg.*
- *Dam **Støvelsvatn** tilfredsstiller ikkje NVEs krav til stabilitet, verken mht. velting eller glidning. Den er ikke bygget for overtopping, noe som inntreffer allerede ved dimensjonerende flom. Dammen har synlige lekkasjer, og damkonstruksjonen mot høyre vederlag er delvis innsunket og utgravd.*

Etter revurderinga kom NVE i 2015 med krav om at Stad kommune måtte sikre damanlegga slik at dei tilfredsstiller gjeldande tryggleikskrav til damanlegg jf. damsikkerhetsforskriften.

Kommunestyret har i prosjekt 4103 (Klovevatnet/Støvelsvatnet damanlegg) sett av til saman 12,4 mill. kr. til utbetring av damanlegga. Stad kommune gjennomførte utbetringstiltak på dammen ved Klovevatnet i 2024. Kostnaden kom på om lag 10,1 mill. kr. eks. mva. Utbetring av damanlegget ved Støvelsvatnet gjenstår. Tiltaket er kostnadsrekna til mellom 4,7 og 10,7 mill. kr. (alt ettersom kva løysing ein får løyve frå NVE til å gjennomføre). Det gjenstår pr. dags dato i underkant av kr. 2,3 mill. i prosjektmidlar på prosjekt 4103. For å få fullfinansiert utbetring av damanlegget ved Støvelsvatnet må det tilførast minimum 2,4 mill. kr til prosjektet. Endeleg sum må ein ev. komme attende til i samband med arbeidet med investeringsbudsjettet for 2027.

19.september 2025 fekk kommunen brev frå Kjørstad Kraft AS, sjå vedlegg «Forespørsel om mogleg samarbeid om demning ved Støvelsvatnet». I brevet skisserer Kjørstad Kraft AS moglegheita for å overta ansvaret for damanlegget ved Støvelsvatnet mot at dei får overta eller leige dei rettane kommunen har knytt til Støvelsvatnet og damanlegget for ein årleg leigesum på kr. 5.000,-. Dei ønskjer også eit investeringsbidrag på om lag 1,8 mill. for å reparere dammen.

Saken blir no lagt fram til politisk handsaming slik at kommunestyret kan ta stilling til om ein vil gå vidare med førespurnaden frå Kjørstad Kraft AS, eller om ein ønskjer at kommunedirektøren skal fortsette arbeidet med å prosjektere, kostnadsrekne og utbetre damanlegget i kommunal regi.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre forhandlingar med Kjørstad Kraft AS om mogleg overføring eller utleige av rettar og plikter knytt til Støvelsvatnet og tilhøyrande damanlegg. Eventuelt avtaleutkast skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg godkjenning. Eventuelle nødvendige avklaringar med NVE skal inngå i arbeidet.

#### **Vedlegg i saka:**

|            |                                                            |         |
|------------|------------------------------------------------------------|---------|
| 27.08.2026 | Forespørsel om mogleg samarbeid om demning ved Støvelsvatn | 1854777 |
| 18.08.2026 | Skisseprosjekt forsterkning Støvelsvatn_Rev.D02            | 1876985 |

#### **Stad formannskap 03.09.2026:**

#### **Handsaming:**

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

#### **F - 26/103 Vedtak:**

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre forhandlingar med Kjørstad Kraft AS om mogleg overføring eller utleige av rettar og plikter knytt til Støvelsvatnet og tilhøyrande damanlegg. Eventuelt avtaleutkast skal leggjast fram for kommunestyret til endeleg godkjenning. Eventuelle nødvendige avklaringar med NVE skal inngå i arbeidet.


#### **Saksopplysningar:**

Støvelsvatnet og Klovevatnet ligg på ein høgde nord for Haugen, sjå kartutsnitt under. Kommunale vassabonnentar i områda Hjelmelandsdalen, Haugen, Remmedalen og Stårheim, får vatn frå Klovevatnet. Vatnet går via Kaldekloven vassverk for reinsing.



*Kartert viser kor Støvelsvatnet, Klovevatnet samt Kaldekloven vassverk (reinseanlegg) er lokalisert.*

Der vatnet renner ut frå Klovevatnet og Støvelsvatnet er det etablert damanlegg (demningar) som regulerer høgda på vasstanden i begge desse vatna.



*Flyfotoet viser kor damanlegga/demningane er plassert (vist med blå strek)*

I 2024 blei det gjennomført følgjande utbetringsarbeid på damanlegget ved Klovevatnet:

- Dammen blei forsterka med ny frontal tetning av plasstøypet betong, forankra til fjell med fjellboltar.
- Flaumløpet i fjell blei sprengast ned og HRV (Høgaste Regulerte Vasstand) blei definert av ein ny 15 meter lang flaumløpsterskel av plasstøypet betong, forankra til fjell med fjellboltar.
- Botntappeløpet under dammen blei fornya med ny skyvespeldventil på vass-sida.
- Drikkevassleidning av PE gjennom dammen blei erstatta med ny leidning.

Arbeid med utbetring av damanlegget ved Støvelsvatnet er i planleggingsfasen.

Støvelsvatnet har lenge vore klassifisert som reservevasskjelde for Kaldekloven vassverk. Det er mellom anna etablert ei damluke der som, ved behov, kan tilføre Klovevatn meir vatn. Vatnet går då via ei overvassgrøft og ned til Klovevatnet.

I 2020 gjorde fagansvarleg VAO ei ny vurdering av det å nytte Støvelsvatnet som reservevasskjelde for Kaldekloven vassverk. Følgjande vurdering blei gjort:

*Klovevatnet og Støvelsvatnet ligg nær kvarandre og er plasserte i eit skjerma høg fjellsområde. Det er inga næringsverksemd, veg eller industri i nedbørsfeltet.*

*Ved forureining, til dømes som følgje av radioaktiv nedbør eller oppblomstring av algar som følgje av klimaendringar, er det sannsynleg at begge vasskjeldene vil bli påverka samtidig. Dette reduserer verdien av Støvelsvatnet som reservevasskjelde.*

*Begge alternativa vil dessutan vere avhengige av same overføringsleidning og same vassbehandlingsanlegg. Ved brot på overføringsleidning eller driftsstans i vassbehandlingsanlegget vil Støvelsvatnet difor ikkje kunne fungere som reell reservevassforsyning.*

#### **Konklusjon:**

*Det er ikkje behov for å nytte Støvelsvatnet som del av kommunal vassforsyning til Hjelmelandsdalen, Haugen, Stårheim og Remmedalen. Ei meir robust og føremålstenleg løysing er å knyte Kaldekloven vassverk til Nordfjordeid vassverk. Dette vil gi redundans i råvasskjelde, overføringssystem og vassbehandling. Pr. no ligger dette tiltaket ikkje i planperiode for gjeldande temaplan VAO men bør på sikt vurderast å takast inn.*

Kjørstad Kraft AS blei etablert i 2009. Same år fekk dei konsesjon frå NVE for bruk av vatn frå Støvelsvatnet til drift av kraftverket. Konsesjonen blei gitt under føresetnad av at kommunen hadde fyrsteprioritet til vatnet dersom kommunen får behov for å nytte vatn frå Støvelsvatnet til vassproduksjon. Denne klausulen i konsesjonen gjer at Kjørstad Kraft ikkje kan regulere vassstilførselen til sitt kraftverk slik dei måtte ønskje. Kjørstad kraftverket blei sett i drift i 2016.

Etter tidlegare kontakt fekk kommunen, i brev datert 19.09.2025, førespurnad frå Kjørstad Kraft AS om å få overta eller leige kommunen sine rettar og plikter knytt til Støvelsvatnet og damanlegget, sjå vedlegg «Førespurnad om mogleg samarbeid om demning ved Støvelsvatnet». Kjørstad kraft vil kunne ha nytte av å regulere vassførselen frå Støvelsvatnet til vassverket utan å måtte ta omsyn til kommunens behov for vatn til sine abonnentar. For å få overta kommunens rettar er dei også villige til å overta kommunens plikter vedr. damanlegget. Dette under føresetnad av at dei får ei investeringsstøtte på om lag 1,8 mill. til oppgradering av damanlegget.

#### **Vurdering:**

Stad kommune har eit krav på seg frå NVE om å reparere damanlegget ved Støvelsvatnet. Det er 3 alternative måtar å gjere det på:

1. **Reparere damanlegget med same HRV** (Høgaste Regulerte Vasstand) som i dag. Kostnadsestimat \*10,7 mill. kr.
2. Ved å **senke HRV med om lag 2** meter kan ein redusere rehabiliteringskostnadane til om lag 7,8 mill. kr. Denne løysinga vil krevje ny konsesjonssøknad. Om ein får løyve er avhengig av kva konsekvensar denne løysing får for vassforsyning, natur og miljø samt andre interesser. Her vil NVE også sannsynlegvis måtte vurdere om denne løysinga får konsekvensar for Kjørstad Kraft AS sin kraftproduksjon.
3. **Sanere/fjerne damanlegget**. Denne løysinga vil medføre ein HRV som er 8-9 meter lågare

enn dagens HRV. Kostnadsestimat\* 4,7 mill. kr. Også denne løysinga vil krevje løyve frå NVE.

*(Har nytta kostnadsestimat i vedlagde «Skisseprosjekt forsterking Støvelsvatn», utarbeida av Norconsult i 2022 og lagt til prisstigning fram til 2. kvartal 2026. Har nytta byggekostnadsindeksen for veganlegg som prisindeks.)*

Stad kommune må betale mellom 4,7 og 10,7 mill. kr. for å reparere/sanere damanlegget ved Støvelsvatnet. Kjørstad Kraft AS har sagt at dei kan vere villige til å overta ansvaret for dammen dersom kommunen er med på å betale eit investeringstilskot på 1,8 mill. Ved å betale eit investeringstilskot på 1,8 mill. og samtidig overdra eigarskapet eller ansvaret knytt til damanlegget til Kjørstad Kraft AS, vil kommunen kunne spare mellom 2,9 og 8,9 mill. kr i investeringskostnader, samt framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader. Føresetnaden er at Kjørstad Kraft AS overtek alt ansvar for framtidige investeringar, drift, vedlikehald og krav frå tilsynsmyndigheit.

Fagansvarleg VAO har vurdert at det ikkje lenger er behov for å nytte Støvelsvatnet som reservevasskilde for Kaldekloven vassverk. Kommunedirektøren vurderer difor at overføring av rettar knytt til Støvelsvatnet ikkje vil svekke kommunen si evne til å oppretthalde forsvarleg vassforsyning.

I dialog med Kjørstad Kraft AS bør kommunedirektøren få avklart følgjande:

- A. Skal Stad kommune fortsette å eige damanlegget men overføre plikter og rettar til Kjørstad Kraft AS gjennom ei leigeavtale med årleg inntekt? Kommunen vil da ha det juridiske ansvaret for damanlegget. Dvs. ansvar for moglege erstatningskrav, stå som ansvarleg i forhold til pålegg frå NVE, samt ansvar for framtidige investeringskrav.
- B. Eller skal kommunen overføre eigarskapet til Kjørstad Kraft AS slik at dei overtek det juridiske ansvaret for anlegget?

Kommunedirektøren bør få mynde til avklare desse alternativa med Kjørstad Kraft AS samt utarbeide eit utkast til avtale. Utkast til avtale skal opp til kommunestyret for endeleg handsaming.

Eventuell overføring av rettar og plikter føreset nødvendige avklaringar og godkjenningar frå NVE og andre relevante styresmakter

#### **Økonomisk berekraft:**

Kommunen vil få mindre utgifter med å overføre ansvaret for damanlegget i Støvelsvatnet til Kjørstad Kraft AS. Dette vil komme drikkevassabonnentane til gode i form av mindre auke i drikkevassgebyr.